

STORHAUGBERGET REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1 Området regulerast til følgjande formål:

PBL 25.1 Byggeområde

PBL 25.2 Landbruksområde

PBL 25.3 Offentleg trafikkområde

- Køyreveg

PBL 25.5 Fareområde

- Høgspantanlegg

PBL 25.6 Spesialområde

- Steinbrot

PBL 25.7 Fellesområde

- Felles tilkomst

§ 2 Byggeområde

Innafor dette området kan det tillatast ei viss fortetting. Denne fortettinga må stå i stil med den eksisterande bebyggelse. For plassering og utsjånad gjeld dei generelle reglane i Plan - og bygningslova.

Eksisterande verkstad på gnr. 8 bnr. 78-140 kan nyttast i omlag samme omfang som før.

Det er likevel føresetnad at det i bygget ikkje skal drivast forretningsvirksomheit som medfører vesentleg trafikkauke i området.

§ 3 Landbruksområde

§ 4 Spesialområde

Området er regulert til steinbrot.

Med omsyn til støy og støvplager skal det ikkje foregå noko form for pukkverksdrift. Området skal ikkje nyttast som mellomagringsplass for anna masse t.d. mold, grus o.l.

Det må ikkje foregå massetransport eller anna arbeid innafor området mellom klokka 2300 - 0600.

SP 1.

Det er stopp i uttaket av masse innafor dette området.

Dette området skal kledast med jordmasse slik at den får ein utsjånad som er lik/tilpassa kringliggande areal.

SP 2.

Ved avslutting av uttak skal arealet ferdigplasserast på kote 13 (± 0.5 m).

Trauet må vere mest muleg jamn slik at det ikkje vil bli vassansamling.

Før uttaket i SP 2 er avslutta skal SP 1 vere stelt slik som beskreve.

Når massene er uttekne skal det før arealet blir teke i bruk til anna formål utarbeidast ny reguleringsplan.

§ 5 Fellesområde

Området er regulert for felles tilkomst.

§ 6

Dispensasjon

Teknisk styre kan i særlege høve gi dispensasjon frå reguleringsplanen med føresegner.

Dispensasjonen må ikkje føre til vesentlege avvik frå reguleringsplanen/føresegner.

Harøy den 28.08.98.

Siste endring 12.11.98

Godkjent i kommunestyret 10.12.98 SAK 52/98




Oddvar Myklebust
Ordførar